

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
<b>Norsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra korleis ein skriv jobbsøknad</li> <li>• Finn ut kva som er med i ei stillingsannonse</li> <li>• Læra om korleis ein set opp ein CV</li> </ul>
<b>Engelsk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka varierte strategiar i språklæring, tekstskaping og kommunikasjon</li> <li>• Bruka ulike digitale ressursar og andre hjelpemiddel i språklæring, tekstskaping og samhandling</li> <li>• Uttrykkje seg med flyt og samheng med eit variert ordforråd og idiomatiske uttrykk tilpassa formål, mottakar og situasjon</li> <li>• Skrive formelle tekstar, inkludert sammensette, med struktur og samheng som beskriv, fortel og reflekterer tilpassa formål, mottakar og situasjon</li> <li>• Omarbeide eigne tekstar ut frå tilbakemeldingar og kunnskap om språk</li> </ul>
<b>Matematikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra om korleis ein set opp budsjett og rekneskap</li> <li>• Læra om ulike geometriske mønstre</li> <li>• Læra om eigenskapar til ulike polygoner og sirkelen</li> </ul>
<b>Samfunnsfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Reflektera over kva som er eit godt liv</li> <li>• Forklara kva seksualitet er</li> <li>• Reflektera over kva som påverkar grensene knytt til kropp og seksualitet</li> <li>• Forklara skilnaden på ønska og uønska seksuell kontakt</li> <li>• Beskytte seg sjølv mot andre på internett</li> </ul>
<b>KRLE</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Få innsikt i sentrale trekk ved buddhismen</li> <li>• Få innsikt i viktige historiske hendingar i buddhismen</li> <li>• Utforska utbreiinga av buddhismen i Noreg og verda idag</li> <li>• Reflektera over aktuelle spørsmål som mange buddhister er opptekne av</li> </ul>
<b>Naturfag</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska nokre kjemiske reaksjonar og vurdere sikkerheitstiltak som er knytt til forsøka</li> <li>• Bruka periodesystemet til å forklara nokre typiske eigenskapar for metall, molekylsambindingar og salt</li> <li>• Forklara kva massebevaring i kjemiske reaksjonar går ut på, og kunne avgjere om ei reaksjonslikning er balansert</li> </ul>
<b>Spansk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna snakka om noko som skal skje</li> <li>• Kunna snakka om klokka</li> <li>• Læra litt om kulturen og landet Colombia</li> </ul>
<b>Tysk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Førebuing til skriftleg vurdering i veke 42: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka verb og modale verb i presens (kunna lage setningar)</li> <li>• Repetisjon av grammatikken me hadde i 8. og 9.</li> <li>• Kunna presentera seg sjølv og andre både munnleg og skriftleg</li> <li>• Kunna snakka/skriva om tysk skulesystem og den typiske tyske tenåringen</li> <li>• Kunna oversetta frå norsk til tysk, repetisjon av ord frå Kap. 1</li> </ul> </li> </ul>

<b>Kroppsøving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forstå ulike typar kart</li> <li>• Bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte</li> <li>• at det kan medverke til framgang for andre</li> <li>• Trena på og utvikle ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar</li> </ul>
<b>Musikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra fleire norske folkedansar og bli stadig betre på god rytme og nøyaktig rørsl.</li> </ul>
<b>Mat og Helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vita kva god hygiene er</li> <li>• Vita kva vurderingskriteria for faget er</li> <li>• Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet</li> <li>• Vita kva god bordskikk er</li> <li>• Kjenne til næringsstoffa og kostråda</li> <li>• Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)</li> <li>• Teori: Kapittel 2 og 3 i Matopedia: Mat for god helse og glede</li> </ul>
<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Læra å planleggja og gjennomføra matproduksjon for sal</li> <li>• Læra om marknadsføring av produkt for sal</li> <li>• Læra om budsjett</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggje og gjennomføra tur</li> <li>• Kunna teknikkar knytta til kart, bål og redskap</li> <li>• Vurdera og halde orden på utstyr og klede</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforska og reflektera over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap er</li> <li>• Utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

### Psykisk helsedag

På fredag er det "Verdsdagen for psykisk helse", og me skal ha ei felles markering for heile skulen. Tema dette året er: # Lagplass. I 4.-6. time vil elevane få med seg ein konsert, ein aktivitet og eit føredrag. I tillegg vil det vera små drypp med tema i løpet av veka i klassane. Helsesjukepleiar vil mellom anna komma innom alle klassane i løpet av veke 40.

4. time: valfri aktivitet; klatring, Jiujitsulab, vera kreativ, yoga, aktivitet i gymsalen eller hip hop.

5. time: eit valfritt føredrag

- "Oppmerksomt nærvær", Familiesenteret
- "Kropp og helse", Vibeke Liltand ROS (rådgjeving for spiseforstyringar)
- "Sosiale medie", Gustav Grastveit (Politiet)
- "Er det fagleg å rusa seg?", Ungdomsteamet
- "Sunn fornuft", Erling Knutzen

6. time: konsert i Møllekjellaren Silje Sandanger

### Bål i lunsjen

Det vil bli tent bål i atriet kl.10.50 – 11.20 kvar dag i veke 40. Dei som vil kan ha med mat til å steike på bålet, og/eller berre møte til drøps rundt bålet.

### Elev- og utviklinssamtalane

I veke 42- 44 skal lærarane gjennomføra elevsamtalane. Etter dette vil det vera utviklingssamtalar i veke 45-47

### Hautferie

I veke 41 er det haustferie! Me ønskjer alle ei herleg veke med fri!

### Elevbedrift

Elevane er godt i gang med elevbedrift, og skal innan veke 40 ha vorte fordelt på ulike bedrifter. I veke 42 og 43 vil dei starta med å førebu produksjon og marknadsføring.

Helsing oss på 9.trinn

HEIMEARBEID VEKE 40	
Norsk	Drøym deg ti år fram i tid. Korleis ser CV'en din ut då? Prøv å skriva den ved hjelp av oppsettet du får av faglærer. Bruk pages og lim inn i OneNote.
Engelsk	Sjå på tilbakemeldinga du har fått på skriveøkta veke 38. Lever eit forbetra utkast på OneNote, og lag nokre stikkord for kva du lærte av tilbakemeldinga.
Matematikk	Gjer repetisjonsoppgåve 1, 2 og 3 i O.B. S. 29 Ta bilete og legg inn på OneNote.
Samfunnsfag	Høyr episoden " <a href="#">Er stress egentlig farlig?</a> " Fra NRK radio. Svar på spørsmåla på OneNote. <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Skriv ned fem faktasetningar frå episoden</li> <li>2. Vel fem omgrep frå episoden og fyll ut skjema som ligg på OneNote.</li> </ol>
KRLE	Les «Å leve som buddhist». Gjer oppgåve 1,2,3,4 og 5 i <i>Finn svar</i> .
Naturfag	Kva hugsar du om atom og periodesystemet? Google, og skriv eit avsnitt på kvar av dei i ON.
Spansk	Førebu deg til prøve om framtidssformen på spansk. Den er på torsdag.
Tysk	Begynn å førebu deg til prøva på torsdag etter haustferien. Faglærer deler ut målark. Oppgåva ligg ute på ON (heimearbeid, Woche 40).
Arbeidslivsfag	Morten vil byrja med besøksrunde i veke 40.
Kroppsøving	Siste veke med orientering. Ver førebudd på å vere ute.
Musikk	Møt alltid i aula. Øv heime på å gå i takt og hugse turane på dei ulike folkedansane om du slit med det.
Mat og Helse	Me skal lage hamburger, salat, dip og majones.
Kantine	Oppsummering og planlegging av dei 2 neste øktene.
Friluftsliv	Avspasering 5.-6.time, men hugs eigentur på minst 1,5 time denne veka eller i haustferien. Kriteria for tur finn du på OneNote/Teams. Presentasjon av tur etter haustferien.
Innsats for andre	Starter presentasjon om frivillig organisasjon.

HEIMEARBEID VEKE 42	
Norsk	Les ulike stillingsannonser som du finn lenke til på OneNote. Nemn 5 ulike punkt som er vanleg å ha med i ei stillingsannonse.
Engelsk	Les teksten <a href="#">The Starfish</a> . Svar på dei 4 spørsmåla (Understanding) etter teksten.
Matematikk	Gjer oppgåve 2.1, 2.3 og 2.4 på s. 59-60 i grunnboka. Legg inn bilete av arbeidet på OneNote.
Samfunnsfag	Vel deg ein episode av podcasten <a href="#">oppdatert</a> frå NRK radio. Skriv svara på OneNote. <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Lim inn lenka til episoden du høyrde</li> <li>2. Kvifor valte du denne episoden?</li> <li>3. Skriv eit samandrag på minst 5 setningar av episoden.</li> </ol>
KRLE	Les «Buddhismen idag». Gjer oppgåve 1,2,3 og 4 i <i>Finn svar</i> .

<b>Naturfag</b>	Lag eit skjema på ON. Skriv inn omgrepa på side 56 i Solaris, og skriv ei forklaring på dei. Sett inn ein illustrasjon på kvar av dei. Skjema må då ha tre (3) kolonner (bortetter), og 18 rader (nedover).
<b>Spansk</b>	Skriv 4 setninger om huset ditt på spansk.
<b>Tysk</b>	Skriftleg prøve på torsdag. Bruk målarket du har fått utdelt.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Morten vil byrja med besøksrunde i veke 40.
<b>Kroppsøving</b>	Innegym: Innebandy.
<b>Musikk</b>	Møt alltid i aula. Øv heime på å gå i takt og hugse turane på dei ulike folkedansane om du slit med det.
<b>Mat og Helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Grove rundstykke (gul s 134)</li> <li>• Tomatsuppe s 26</li> <li>• Løksuppe s 23</li> </ul> <p>Teori: Kapittel 2 og 3 i Matopedia: Mat for god helse og glede.</p>
<b>Kantine</b>	Praktisk arbeid.
<b>Friluftsliv</b>	Ver førebudd til å presentera eigentur.